



STORTINGET

# Innst. 376 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget  
frå finanskomiteen

Prop. 61 S (2024–2025)

---

**Innstilling frå finanskomiteen om Samtykkje til å setje i kraft ein avtale om endring av avtalen mellom Noreg og Den europeiske union om administrativt samarbeid på meirverdiavgiftsområdet, underteikna i Brussel 2. oktober 2024**

---

Til Stortinget

## Samandrag

Avtale mellom Noreg og Den europeiske union (EU) om administrativt samarbeid, nedkjemping av svik og innkrevjing av krav på meirverdiavgiftsområdet vart underteikna 6. februar 2018 og tok til å gjelde 1. september 2018. Målsettinga med avtalen er å ha eit rammeverk for gjensidig bistand i kampen mot grensekryssande meirverdiavgiftsswindel og ved innkrevjing av meirverdiavgift på tvers av landegrensene. Avtalen har fungert godt og er eit effektivt middel for dei norske skattestyresmaktene.

Den 2. oktober 2024 vart det i Brussel underteikna ein avtale om endring av avtalen om administrativt samarbeid på meirverdiavgiftsområdet.

Sidan avtalen vart inngått i 2018, har EU-statane vidareutvikla samarbeidet sitt for å kunne nedkjempe grensekryssande meirverdiavgiftsswindel på ein meir effektiv måte. Hovudmålsettinga med endringsavtalen er å få nokre av dei nye samarbeidsverktøya som EU-statane no nyttar, inn i avtalen. Eitt av dei nye samarbeidsverktøya er teke inn som ein del av samarbeidet i Eurofisc-nettverket. Dette gjeld koordinerte administrative under-søkingar (såkalla «follow-up actions»). Eurofisc-

nettverket har deltagarar frå skattheadministrasjonane i EU-statane. Noreg deltek her gjennom avtalen frå 2018. I Eurofisc-nettverket vert målretta opplysningar utveksla på ulike risikoområde for meirverdi-avgifta, og som oppfylging av dette kan ein gjennomføre koordinerte administrative undersøkingar i respektive land. Endringsavtalen er viktig for Noreg for å sikre at våre kontaktpersonar i Eurofisc òg kan delta i slike koordinerte administrative undersøkingar på bakgrunn av risikoanalysar som vert gjort i nettverket. Endringsavtalen sikrar vidare at norske skattestyresmakter kan delta ved sams kontroll av ei verksemd i ein annan stat på same vilkår som gjeld for skattestyresmakter frå EU-statane, med tilgang til lokale, dokument og dialog med den næringsdrivande.

Avtalen er inngått med heimel i lov 28. juli 1949 (dobbeltbeskatningsavtaleloven) § 1 nr. 2 og nr. 3, og er ikkje ein del av EØS-avtalen.

Avtalen er inngått på norsk og alle dei offisielle språka til medlemsstatane i EU. Som vedlegg til proposisjonen følgjer avtalen på norsk og engelsk.

Generelle merknader og merknader til dei enkelte artiklane er omtala i kapittel 2 og 3 i proposisjonen.

Dokumenta i saka er tilgjengelege på sakssida på stortinget.no.

## Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Egil Knutsen, leiaren Tuva Moflag, Tellef Inge Mørland, Bjørnar Skjærān, Maria Aasen-Svensrud og Rigmor Aasrud, frå Høgre, Tina Bru, Mahmoud Farahmand,

Heidi Nordby Lunde og Helge Orten, frå Senterpartiet, Emilie Mehl, Ole André Myhrvold og Geir Pollestad, frå Framstegspartiet, Hans Andreas Limi og Roy Steffensen, frå Sosialistisk Venstreparti, Andreas Sjalg Unneland, frå Raudt, Marie Sneve Martinussen, frå Venstre, Sveinung Rotevatn, frå Miljøpartiet Dei Grøne, Sigrid Zurbuchen Heiberg, og frå Kristeleg Folkeparti, Kjell Ingolf Ropstad, syner til at Noreg frå 2018 har hatt eit administrativt samarbeid med EU på meirverdiavgiftsområdet, med føremål om å betre innkrevjinga av krav og nedkjempe svik knytt til meirverdiavgifta. Den 2. oktober 2024 vart det underteikna ein avtale om endring av denne samarbeidsavtalen. Dette vart gjort for å styrke arbeidet på feltet, blant anna gjennom å inkludere nye samarbeidsverktøy som til dømes vert nytta i Eurofisc-nettverket. Gjennom endringsavtalen legg ein til rette for at norske skattestyresmakter kan delta i ein felles kontroll av ei

verksemd i eit anna land på lik line med EU-statane. Komiteen syner til at endringsavtalen vil gje eit meir effektivt samarbeid på feltet og slik bidreg til å sikre meirverdiavgiftsinntekter til staten. Komiteen stiller seg på dette grunnlaget bak innhaldet i proposisjonen.

## Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

### vedtak:

Stortinget samtykkjer i å setje i kraft ein avtale om endring av avtalen mellom Noreg og Den europeiske union om administrativt samarbeid på meirverdiavgiftsområdet, underteikna i Brussel 2. oktober 2024.

Oslo, i finanskomiteen, den 20. mai 2025

**Tuva Moflag**

leiar

**Tellef Inge Mørland**

ordførar